



Bolig og Eiendom
Stølen 26 A
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/450 - 19/25242

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:
23.08.2019

Ferdigattest tomannsbustad - gbnr 123/102 Risa

Administrativt vedtak. Saknr: 469/19

Tiltakshavar: Bolig og Eiendom
Ansvarleg søkjar: Bolig & Eiendom AS
Søknadstype: Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 29.11.2016 og løyve til endring 30.01.2019. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 16.08.2019.

Skildring

Adresse:	Storhaugen 56 A og B
Bygningstiltak:	Tomannsbustad - vertikaldelt
Bygningsnummer:	300652017(56A) og 300652005(56B)
Bruksareal:	250m ²
Avlaup:	Kommunalt
Vatn:	Kommunalt
Tal på røykløp:	2

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for vertikaldelt tomannsbustad på gbnr 123/102.

Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.



Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 16/450

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar byggesak

Trygve Solberg
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Bolig & Eiendom AS
Bolig og Eiendom

Stølen 26
Stølen 26 A

5911
5911

ALVERSUND
ALVERSUND